


# Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Nordre Helleren, gnr. 25, bnr. 313 m.fl. - Solsvik, i Fjell kommune



Maudhill Langeland er tiltakshavar.  
Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet ligg på Solsvik heilt nord i Fjell kommune, og er på om lag 8 daa. Området er i kommuneplan for Fjell del av eit område avsett til framtidig bustadareal, med krav om felles planlegging. Det er gjort eit politisk vedtak som seier at planområdet kan avgrensast til gnr. 25, bnr. 313, 314, 315, 316 og 317 som utgjer ein naturleg del av planområdet.

Føremålet med planen er å gjera området tilrettelagt for bustadutbygging. Grunneigarane ynskjer å få regulert ein tomannsbustad (på bnr. 313) og fire einebustadar (på bnr. 314-317) - totalt 6 einingar. Vegtilkomst er planlagt over nabotomt i aust (bnr. 245), og ut i Øvre Elvebakken som er ein kommunal veg. Endeleg utforming vert avklara i planarbeidet.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Innspel eller merknader som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no)

Frist for merknader er satt til **21. juni 2016**.

Meir informasjon kan du få ved å kontakte Ard arealplan as på tlf. 55 31 95 00

**Ard**  
arealplan